



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres referanse	Vår referanse	Saksbehandler	Dato
	22/00765-5	Staffan Karl Åke Sandberg	27.06.2023

## Høring av fastsettelse av grense mellom elv og sjø for Bøvra

Bævra elveeigarlag har fremja krav om at kommunen fastset grensa mellom elv og sjø. Innanfor grensa er fiske forbode store delar av året og fiske krev fiskekort. Målet med forbodet er å verna anadrom fisk som ventar utanfor elva på rett tidspunkt for å svømme opp til gyteplassar. Bævra har i periodar låg vassføring. Det gjer at fisken kan vente lenger enn i mange andre vassdrag før dei svøm opp. Med omfattande fiske i sjøen kan delar av bestandane gå tapt før dei kjem opp i elva.

Hovedutval for miljø, areal og teknikk foreslår at grensa skal gå i ei rett linje frå Bytbekken til Rønningskjæret.

Betalingsviljen for å fiske i elva er større enn å fiske i havet. Større bestandar som går opp i elvane for å gyte gir derfor større verdiskaping, mellom anna på grunn av auka sal av fiskekort.

Ulempa med å setje grensa langt ut er at det går ut over interessa til dei som ønskjer å fiske i havet, de må lenger ut for å fiske. Dette er lavterskelfiske på grunn av at det ikke krever fiskekort og er åpent store delen av året.

Sjølv utanfor grensa er det ein god del restriksjonar på fisket. I forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen i Møre og Romsdal som vart inført 1. juni 2023 er fiske forbode, bortsett frå når det er opna for fiske i elva. Ut til Bratthammerbukta er fjorden klassifisert som munningsfredningsområde der det gjeld følgjande restriksjonar:

### *§ 5. Fiskereglar i munningsfredingssoner*


*I munningsfredingssoner er alt fiske forbode, med følgjande unntak:*

*a. Fiske etter anadrome laksefisk og saltvassfisk med stong frå land når det er opna for fiske etter den aktuelle arten av anadrome laksefisk i vassdraget.*

*Fisketid i felles munningsfredingssoner (utanfor 100-metersona) er som regel styrt av fisketida i den største elva. I tabellvedlegget er elva som styrer fisketida vist i feit skrift.*

*Unntaket i a gjeld ikkje for fiske etter sjøaure i fjordområdet Sunndalsfjorden, Tingvollfjorden, Bergsøyfjorden og Batnfjorden innanfor E39 i Møre og Romsdal. Her er sjøaure freda heile året, jf. § 2 i nasjonal forskrift.*

- b. Fiske etter saltvassfisk med handsnøre frå is og båt i ro, heile året.
- c. Fiske med stong og handsnøre frå land, is og båt (inkl. dorging) frå og med 1. oktober til og med 28. februar. Anadrom laksefisk må gjenutsettast, med unntak av Smøla kommune.
- d. Fiske etter saltvassfisk med stang og handsnøre frå land for barn og unge under 18 år heile året, unnateke mars og april.
- e. Fiske etter saltvassfisk med teiner heile året, når heile fangstdelen til ein kvar tid står minst 5 meter under havoverflata.
- f. Fiske med botngarn etter saltvassfisk i munningsfredingsområdet utanfor Steinsvikelva og Åmela i Volda kommune, i perioden frå og med 1. oktober til og med 30. april, når heile fangstdelen til ein kvar tid står minst 15 meter under havoverflata.



Svart linje viser forslaget på grense. Raud linje viser grensa for munningsfredingsområde i samsvar med forskrift om fiske utanfor vassdrag med anadrome laksefisk og nedsenking av garn i sjøen i Møre og Romsdal.


Vi har frå før fastset ei grense mellom elv og sjø for Surna som er like langt ut frå munningen som det er foreslått for Bøvra. Forslaget har berre innverknaden på fiskereglar. Motorferdsel kjem framleis bli regulert i samsvar med lokal forskrift om bruk av motorfartøy på vatn og vassdrag og blir derfor ikkje påverka av denne grens.

### Status på fiskebestandar og fiske

Bestanden av anadrom fisk er under press, framfor alt på grunn av lakselus og regulering av vassdraget. Kor stor effekt ei grense langt ut skulle få er vanskeleg å føreseia.

I samsvar med Lakseregisteret har det vorte fange 76 laksar dei siste fem åra. Det gir eit gjennomsnitt på 15 laksar i året. Under dei seinaste fem åra har det vorte fanga 18 aure i Bævra. Grunnen til det låge

talet er interessa for å fiske etter sjøaure er liten på grunn av at fangsten må gjenutsettes. Under 2023 vart det selt 59 dagkort og fire sesongkort.



Talet på registrert gytefisk ved drivteljing og lysfiske. Årstal er på X-aksen. Kilde: NINA-rapport 1512

Det finst ikkje statistikk som viser nokon indikasjon på kor omfattande fiske er i fjorden eller kor store bestandane i havet er. Statistikk over fangst av anadrom fisk i fjorden som ventar på å svømme opp i elva manglar òg. Småøyen camping og Feriecamp Bukta som tilbyr overnatting og utleige av båtar har bidrege med informasjon som gir ein indikasjon om omfanget av fiske og næringspotensialet.

Småøyen camping har 16 faste gjester som dei seier er ihuga fiskarar. Halvparten fiskar framfor alt i fjorden og den andre halvparten i elva. Dei seier at dei som har eigen båt ofte reiser langt ut i fjorden, men dei som leiger mindre båtar av campinggen ofte fiskar rett utengor elvemunningen.

Feriecamp Bukta har framfor alt gjester frå Tyskland som er interessert i havfiske. Under sesongen 2023 har dei til dags dato hatt 10 overnattingsgjester. I tillegg kjem like mange som har leigd båt.

Me ber no om innspel om kvar grensa mellom elv og sjø skal vera for Bøvra. Vi ber om at det blir sendt innspel innan 21. november. Send innspela med e-post til [postmottak@surnadal.kommune.no](mailto:postmottak@surnadal.kommune.no) eller post till Surnadal kommune, Bårdshaugvegen 1, 6650 Surnadal.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Mottakere:

Turid Sættem Eggen

Allis Iren Bæverfjord

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL

SMÅØYEN AS

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL

FERIECAMP BUKTA BÆVERFJORD ZEUNER

Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal